

# Møtebok for Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

**Saksnummer:** OSL/12/24  
**Innkallingsdato:** 28. nov 2024  
**Møtedato:** 4. des 2024  
**Møtestad:** Norheimsund kyrkje  
**Møtetid:** 16.30 – 18.00

**Medlemer tilstades på møtet: 9**  
Magne Kolstad  
Astrid Lunestad  
Kjell Dysvik  
Margun Mikkelsen Tordal  
Ida Lindøe  
Tor Håkon Berge  
Lisbeth Henriksen  
Astrid Helleve Fylkesnes

**Varamedlemer tilstades:** 1 Arild Hellesøy, geistlig representant

**Meldt forfall:** 1 Arne Opsahl-Engen

**Andre:** Olav Skeie Lid, sekretær

**Møteleiar:** Kjell Dysvik

Saker som vart drøfta: Sak 39/24 til og med sak 44/24

## **39/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**

*Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 6. november vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Astrid Helleve Fylkesnes og Lisbeth Henriksen*

## **40/24 Meldingar**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.*

- Den gjenstridige stillinga som sokneprest i Øystese/Ålvik vert vurdert lyst ut som såkalla PUU, prest-under-utdanning. Dette er eit relativt nytt omgrep, der studentar som er i utdanning, får tilbod om å fullføra utdanninga medan dei gjer preste-teneste. Sokneråda i Øystese og Ålvik må godkjenna dette, for at stillinga skal lysast ut på denne måten. Til sjuande og sist er det Bjørgvin bispedømeråd som vedtek om dette er vegen å gå.
- Kyrkjerestaureringa i Strandebarm: I skrivande stund er arbeidet lyst ut på DOFFIN, den plattformen som vert nyitta til tiltak i denne prisklassen. Det har vore synfaring i kyrkja med aktuelle verksemder, og fristen for å gje pris på dette arbeidet er sett til 17. desember. Fellesrådet vil såleis få ei avgjerd om tildeling av utførande entreprenør på sitt bord i vårt møte i januar.
- Budsjett-framlegget til rådmannen i Kvam herad er no kjent: Me er tilgodesett med kr **6 638 000,-** i tilskot på driftsbudsjettet. Dette er ei justering på 4,2% frå året før, og på linje med det som andre etatar får. Dette er for så vidt tal som forventa, og i tråd med den vanskelege situasjonen Kvam er i – til liks med resten av kommune-Noreg. Vårt optimistiske budsjettframlegg til heradet for 2025 var på **kr 8 120 000,-** kva angår dette tilskot til oss. Skilnaden er altså 1,5 mill. Sjå også drøftingssak nr 40/24.
- Vikariatet-stillinga for kateket Mampion ligg no ute på verdsveven, og søknadsfrist er 10. desember. I mellomtida har kyrkjeverje også hatt uforpliktande og munnleg kontakt med potensielle kandidatar. Dette skal me få til.
- LED-lampar til flaumljos for Øystese er på veg. Kyrkjeverje har bestilt slike, ettersom me har unytta gåver frå glade gjevarar. Øystese elektriske AS stiller opp med sponsa montering. Det varmar!
- Kyrkjeverje har oppmoda Ålvik og Vikøy sokneråd om ein ekstraordinær innsats for å samla inn pengar til LED-lampar. Dette er dyre investeringar – men som betalar seg frå dag ein.
- Ljuset er attende rundt alle kyrkjer, etter til dels sterkt trykk frå ålmenta.
- I Ålvik har soknerådet gjort ein framstøyt ovafor Bjølvefossen for å få sponsa LED-lampar rundt kyrkja. Glimrande!
- Det same soknerådet vil gå i gang med eit dugnadsarbeid for å tetta takrenner på Ålvik kyrkje. Desse lek som kiper mange stader, og skadepotensialet er stort, med tanke på bygg og vindauge. Storveges!
- Me har omsider fått svar frå biskopen på vår søknad om ny golvløpar og renovering av kor-partiet i Øystese kyrkje. Godkjent!

## Sak 41/24 Budsjett-kutt

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd bed kyrkjeverje arbeida vidare med førebuande kuttliste for å bringa budsjettet i balanse. Fellesrådet vil gjera dei nødvendige grep i sitt budsjettmøte i januar, når det endelege budsjettet til Kvam herad er vedteke.*

Dersom budsjettframlegget til Kvam herad vert som det ser ut til i skrivande stund, er det naudsynt med kraftige grep for å bringa budsjettet til fellesrådet i balanse. Utan det, styrer me mot eit underskot i millionklassen nok ein gong – det er ikkje tilrådeleg. Det hjelper lite med sparing på kaffi og dopapir, det må gjerast større grep.

Av tiltak som monnar, er dei mest nærliggjande:

Tiltak:	Innsparing:
Auka trykket på gjevarteneste	150 000
Kutt i vedlikehald	150 000
Auka annonseinntekter kyrkjeblad	50 000
Eigenproduksjon av kyrkjeblad	50 000
Kutt i køyregodsgjersle for tilsette	40 000
Unngå vikarbruk	30 000
Stengja Vikøy kyrkje om vinteren	20 000
Auka pris på gravstell	15 000
Anbud på kyrkjegardsslått ytre strok	10 000
Redusera kurs og fagdagar	25 000
Reforhandla avfallsavtale kyrkjegardane	10 000
Redusera fargetrykk i massekopiering	10 000
Avvikla gratis kaffi til tilsette	5 000

Ei generell nedbemanning med reduksjon i alle stillingar er siste utveg. **Dette ynskjer me ikkje.** Det vil bety ei kraftig desimering av våre fagmiljø, både innan musikk, undervisning og på kyrkjegarden. Det betyr også at mange kjem til å sjå seg ikking etter nytt arbeid. Ei eventuell nedbemanning bør difor heilt klart kun skje når stillingar er ledige, eller blir slått saman. I skrivande stund er det ingen slik situasjon i fellesrådet.

## 42/24 Tilsetjingsutval, kateket-vikar

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjeleg fellesråd velgjer kyrkjeverje, kateket Mampion, Kjell Dysvik og Vetle Karlsen Eide til intervju- og tilsetjingsutval for kateketstillinga.*

Stillingsutlysinga har lege ute ei tid, fristen er enno ikkje omme, - men det har kome søkjavarar. Det er ynskjeleg frå kyrkjeverje si side at fleire frå fellesrådet er med på denne tilsetjinga, trass i tidlegare vedtak om at kyrkjeverje får fullmakt til å tilsetja.

#### **43/24 Minnelund i Norheimsund**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek til vitande at Kvam herad truleg ikkje finn rom for investering i minnelund i Norheimsund for budsjettåret 2025. Fellesrådet vil likevel minna om at dette er ei viktig sak frå folkedjupet, og bed heradsstyret prioritera dette prosjektet på budsjettet i 2026.*

Dette er å betrakta som ei helsing til heradstyret om at ikkje minnelund i Norheimsund går i gløyme boka. Den er blitt prosjektert saman med Øystese, og er for så vidt gryteklar til å byggjast. Men i heradet si vanskelege økonomiske stode har fellesrådet forståing for at dette vert skubba på i tid – berre ikkje forskyvninga vert permanent. Den påemna minnelunden i Øystese til våren vil truleg syta for at trykket på å få ein tilsvarande i Norheimsund på ingen måte vil avta.

#### **44/24 Trykking av kyrkjeblad**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd gjev redaktøren løyve til å gå til innkjøp av naudsynt programvare for sjølv å redigera og designa kyrkjebladet. Trykketeneste og utsending vert framleis å kjøpa hjå konkurransedyktig trykkeri og hjå Posten.*

Norheimsund trykkeri har vore vår samarbeidspartner dei siste åra kva angår oppsett og design av kyrkjebladet. No avviklar dei drifta, og me lyt sjå oss om etter nye måtar å gjera det på. Design-tenesta **kan** framleis kjøpast, det er fleire verksemder i Kvam og ikkje minst i Bergen som higar etter å få selja oss desse tenestene.

Dagens teknologi gjer at dette ikkje lenger **lyt** kjøpast utanfrå. Me kan kjøpa inn naudsynt programvare, og sjølve redigera og designa bladet. Trykking og leveranse lyt framleis sjølv sagt kjøpast utanfrå, men vår sakshandsamar kan handtera design og redigering her på kontoret. Det kan fort vera snakk om ei innsparing på om lag kr 50 000,- på heilårsbasis.